

*Delegasjonsreglement
for
Hemsedal kommune*



Vedteke av Kommunestyret den 16.12.2010 sak 104/10.

Innhold

1. INNLEIING	3
2. POLITISK OG ADMINISTRATIV ORGANISERING	3
3. GENERELT	3
3.1 Delegasjon	3
3.2 Retningslinjer for fullmaktsutøving	3
3.3 Tilbakekalling av fullmakt i enkeltsaker	3
3.4 Rett til å la vere å bruke delegert fullmakt	3
3.5 Omgjeringsrett	3
3.6 Innsynsrett	4
3.7 Lovlegheitskontroll	4
3.8 Klagerett	4
3.9 Rapportar og kontroll	4
3.10 Intern delegasjon	4
3.11 Delegering til administrasjon	4
3.12 Underinstans ved klagebehandling	4
3.13 Klageinstans	4
3.14 Endringar i reglement	5
3.15 Tidlegare delegasjonsvedtak	5
3.16 Ikrafttreding av delegasjonsreglement	5
3.17 Kurrant eller ikkje prinsipiell sak	5
4. REGLEMENT FOR POLITISKE ORGAN	6
4.1 KOMMUNESTYRET	6
4.1.1 Val og samansetjing	6
4.1.2 Arbeidsområde	6
4.1.3 Forretningsorden	8
4.2 FORMANNSKAPET	9
4.2.1 Val og samansetning	9
4.2.2 Ansvarsområde	9
4.2.3 Forretningsorden	10
4.3 HOVUDUTVAL FOR PLAN OG RESSURS	10
4.3.1 Val og samansetning	11
4.3.2 Ansvarsområde	11
4.3.3 Delegert mynde etter særlov	11
4.3.4 Delegering etter forskrift	13
4.3.5 Saker der utvalet har uttale/ innstillingsrett	13
4.3.6 Andre saker	13
4.3.7 Forretningsorden	14
4.4 HOVUDUTVAL FOR LIVSLØP	14
4.4.1 Val og samansetting	15
4.4.2 Ansvarsområde	15
4.4.3 Delegering etter særlov	15
4.4.4 Saker der utvalet har avgjerslemunde	16
4.4.5 Saker der utvalet har uttalerett	16
4.4.6 Utvalet skal elles behandle	17
4.4.7 Forretningsorden	17
4.5 ANDRE UTVAL, STYRE OG FUNKSJONAR	17
4.5.1 Arbeidsmiljøutval	18
4.5.2 Klagenemnda	18
4.5.3 Klientutval	18
4.5.4 Vilt- og innlandsfiskeremnda	18
4.5.5 Særskilt ordning for barn og unge interesser i plansaker	18
5. DELEGASJON TIL ORDFØRAR	18
5.1 Alkoholloven av 2. juni 1989 nr. 27	19
5.2 Andre saker	19
6. DELEGASJON TIL RÅDMANN	19
6.1 Delegering etter kommunelova	20
6.1.1 Personalsaker	20
6.1.2 Saker vedkommande økonomi	20
6.1.3 Andre saker	20
6.1.4 Delegering etter lov	21
6.2 Saker av ikkje prinsipiell karakter knytt til lov med forskrifter	21
7. DELEGASJON TIL FAGSTILLINGAR OG INTERKOMMUNALE	
AMARBEIDSORGAN	23
8. IKS og ANDRE BEDRIFTER OG ORGAN SOM KOMMUNEN HAR EIGENSKAP I	24
9. VEDLEGG	24

1. INNLEIING

Kommunestyret er det øvste besluttande organ med overordna ansvar for heile den kommunale verksemda i Hemsedal kommune.

Kommunestyret skal velje satsingsområde og prioritere tiltak.

Det er ei målsetting med delegasjonsreglementet er å legge forholda til rette for at det er klar ansvarsdeling mellom kommunestyret, andre politiske organ eller administrasjon ved rådmann slik at ansvar og mynde er tilpassa dei oppgåver og utfordringar kommunen står ovanfor og at avgjersler blir tatt lågast mogleg tenestenivå.

2. POLITISK OG ADMINISTRATIV ORGANISERING

Sjå vedlegg, alternativt sjå oppdatert organisasjonskart på www.hemsedal.kommune

3. GENERELT

3.1 Delegasjon

Delegasjonsreglementet definerer kommunestyret sin delegasjon av mynde til ordførar, formannskap, administrasjonsutval, hovudutval og rådmann.

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover, forskrifter og retningsliner gitt av overordna organ, og innanfor rammer og føresetnader i årsbudsjett, økonomiplan og anna overordna planverk.

All delegering av mynde frå politisk til administrativt nivå skal i samsvar med kommunelova gjerast til rådmannen.

Har delegeringa i forma (for eksempel gjennom tidlegare vedtak) blitt gjort til andre i administrasjonen, skal det likevel tolkast som om det har blitt gjort til rådmannen. Rådmannen delegerer mynde vidare det som er formålstenleg i det administrative systemet. Vidaredelegering blir gjort på eige ansvar og innanfor eigne retningsliner.

3.2 Retningsliner for fullmaktsutøving

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover, forskrifter, reglement og retningsliner gitt av overordna organ, og innanfor rammer og føresetnader i årsbudsjett, økonomiplan og anna overordna planverk. Oversikt over eigne reglement, sjå vedlegg.

3.3 Tilbakekalling av fullmakt i enkeltsaker

Eit politisk organ eller rådmannen som har delegert mynde, kan krevje å få seg førelagt ei kvar sak som eit underordna organ har til behandling i samsvar med delegasjonsfullmakt. Dersom endeleg vedtak ikkje er gjort, kan det delegerande organ sjølv gjere vedtak i saka.

Tilsvarande prinsipp gjeld ved administrativ delegering.

3.4 Rett til å la vere å bruke delegert fullmakt

Eit politisk organ eller rådmannen som har fått delegert mynde, kan unntaksvis be det organet som har delegert mynde om å gjere endelig vedtak.

3.5 Omgjeringsrett

Eit overordna organ kan av eige tiltak omgjere eit underordna organ sitt vedtak i samsvar med forvaltningslova § 35 og generelle, ikkje lovfesta forvaltningsprinsipp. Omgjeringa av vedtaket må ikkje vere til skade for nokon som vedtaket rettar seg mot eller direkte

tilgodeser. Organet som har avgjort saka, kan også sjølv gjere om vedtaket sitt innanfor dei same rammene.

3.6 Innsynsrett

Dei folkevalde har rett til innsyn i alle dokument som høyrer til ei sak. Dette gjeld både saker som vert behandla politisk, og saker som er delegert til administrativ behandling. Retten til innsyn gjeld ikkje opplysningar som er unnateke teieplikt, med mindre dette er nødvendig for behandling av ei konkret sak.

Det kan utarbeidast eigne reglement for innsynsrett som skal vedtakast av kommunestyret.

3.7 Lovlegheitskontroll

Tre eller fleire medlemmer av kommunestyret kan saman bringe avgersel treffe av folkevalt organ eller den kommunale administrasjon inn for departementet til kontroll av avgjersla lovlegheit jf. Kommunelovens §59. Dette gjelder ikkje avgjersler om tilsetting, oppseiing eller avskjed.

3.8 Klagerett

Partar og andre med rettsleg klageinteresse har, innanfor dei rammer forvaltningslov og eventuelle særlover set, rett til å få eit vedtak overprøvd av overordna organ.

3.9 Rapportar og kontroll

Det organ som har delegert mynde, kan be om å bli gjort kjent med dei vedtak som blir gjort i samsvar med delegasjonen.

Ved utøving av delegert mynde skal det vere tilfredsstillande rapporteringsrutinar tilbake til formelt ansvarleg organ.

Kontrollutvalet skal, så langt praktisk mogleg, haldast orientert om utøvinga av delegert mynde. Faste utval som utøver delegert mynde, skal orientere kontrollutvalet ved oversending av møtebøker

3.10 Intern delegasjon

Mynde som er delegert til faste utval eller rådmannen, kan delegerast vidare så langt det er lovleg tilgang til det og anna ikkje er bestemt. Ved vidaredelegering og administrativ delegering kan det knytast retningsliner eller reglement til utøvinga.

3.11 Delegering til administrasjon

All delegering frå kommunestyret og faste utval skal i samsvar til kommunelova gjerast til rådmannen. Rådmannen skal sørge for ei formålstjenleg vidaredelegering i det administrative systemet. Vidaredelegering skjer på eige ansvar og innanfor eventuelle gitte retningsliner.

3.12 Underinstans ved klagebehandling

Det organ eller den tenestemann som utøver delegert mynde, skal fungere som underinstans ved klagebehandling etter forvaltningslovas bestemningar. Når tenestemann utøver delegert mynde og denne i klagesaker fungerer som underinstans, er overordna tenestemann saksbehandlar for klageorganet.

3.13 Klageinstans

Kommunestyret eller særskilt klagenemnd oppnemnt av kommunestyret er klageinstans

etter forvaltningsloven § 28 2. ledd.

Kommunestyret kan utnemne eit eige klageorgan etter kommunehelsetjenesteloven § 2-4.

Kommunestyret kan oppnemne eit klientutval som skal behandle saker etter lov om sosiale tjenester § 8-5a , lov om sosiale tjenester i arbeids og velferdsordningen § 46, lov om barnevernstjenester §2-1.

Der Fylkesmannen, fylkesnemnder, departement eller direktorat er klageinstans i samsvar til særlover, har kommunen ikkje eit eige klageorgan.

3.14 Endringar i reglement

Realitetsendringar i delegasjonsreglementet skal leggjast framfor kommunestyret til avgjerse. Rådmannen får fullmakt til å gjere justeringar av reglementet for å få dette i samsvar med kommunestyrets vedtak. Rådmannen kan justere og ajourhalde lovtilvisingar, formuleringar og liknande som ikkje inneber realitetsendringar i reglementet.

3.15 Tidlegare delegasjonsvedtak

Tidligere delegasjonsvedtak opphøyrar ved ikrafttreding av dette reglement.

3.16 Ikrafttreding av delegasjonsreglement

Delegasjonsreglementet trer i kraft frå dato for kommunestyrets vedtak.

3.17 Kurrant eller ikkje prinsipiell sak

Ei sak vert oppfatta som kurrant når det ligg føre klare retningslinjer for korleis den skal behandlast, og har ein praksis frå behandling av tilsvarande saker.

Dersom det er tvil om kor vidt ein sak er av prinsipiell betydning, eller dersom det er tvil om korleis ein sak av prinsipiell betydning skal behandlast i det politiske system, har ordførar og rådmann ansvar for å klarlegge dette. Når dei er i tvil, legg ordføreren saka fram for formannskapet som skal avgjere spørsmålet.

Alle saker som har vore gjenstand for slike vurderingar, og der avgjerla er at saken vert gjeve ei administrativ behandling, skal aktuelt politiske utval få seg førelagt saken som referatsak i første møte etter at administrativt vedtak er fatta.

Dei avklaringar som vert gjort gjennom behandling av slike tvilstilfeller, utviklar ein sedvane som supplerer reglane i delegeringsreglementet.

Det kan lagast eigne regler (vedtekter/retningslinjer) for behandling av ein bestemte sakstype som går att med jamne mellomrom.

Dei politiske utvala kan samarbeide med **rådmannen** om å utarbeide oversikter over kva for saker som vert vurdert å vera av prinsipiell betydning og kva for saker som i dei fleste tilfeller ikkje er det.

Slike oversikter vert da retningsgjevande for saksbehandlinga. Dei fråtek likevel ikkje administrasjonen ei generell plikt til å vurdere einkvar sak ut frå sitt konkrete innhald, for på den måten å avklare om det er ein administrativ eller politisk sak.

Det kan som utgangspunkt være nyttig i sonderingen mellom prinsipiell/ ikkje prinsipiell sak å spørje seg om det til grunn for avgjerla er nødvendig med meir enn ein fagleg og/eller regelbunda vurdering eller behandling. Politiske eller klart skjønnsmessige vurderingar eller prioriteringar, er saker å vurdere som prinsipiell. I praksis bør saker kor det er tvil behandlast som prinsipielle. Vidare er det ein føresetnad at saksbehandlar konfererer med sin overordna/eventuelt rådmannen når det er tvil om ein sak er prinsipiell eller ikkje.

4. REGLEMENT FOR POLITISKE ORGAN

4.1 KOMMUNESTYRET

4.1.1 Val og samansetjing

Kommunestyret er det øvste folkevalde organet i Hemsedal, jf kommuneloven § 8. Kommunestyret blir valt av kommunen sine stemmeføre innbyggjarar etter reglar fastsett i lov. Kommunestyret i Hemsedal skal ha 17 medlemmar.

4.1.2 Arbeidsområde

Kommunestyret gjer vedtak på vegne av Hemsedal kommune i alle saker dersom anna ikkje følgjer av lov eller delegasjonsvedtak. Kommunestyret avgjer sjølv om andre organ kan gjere vedtak på kommunestyret sine vegne der det er høve til dette.

4.1.2.1 Kommunelova

Kommunestyret gjer sjølv vedtak i saker som gjeld:

- *hovudtrekka i kommunens politiske organisering og styringsform*
- *reglar for kommunestyre og andre folkevalde organ si saksbehandling samt vedtak om møte for "stengte dører".*
- *økonomiplan, årsbudsjett, skattevedtak, disponering av rekneskapsmessig overskot og finansforvaltning*
- *reglar og satsar for godtgjersler for folkevalde*
- *årsrekneskap*
- *vedta oppretting av styre, kommunale og interkommunale foretak/institusjonar, kommunalt føretak, IKS og interkommunalt samarbeid*
- *godkjenne vedtekter*
- *låneopptak og garantiar*
- *utvida mynde i hastesaker*
- *fastsetjing av retningslinjer for tilsette sin møterett i nemnder*
- *oppretting av pensjonsordning*
- *bestemming om det skal haldast rådgjevande lokale folkerøystingar*
- *kommune(del)planar, utbyggingsavtaler og reguleringsplanar*
- *oppretting av partsamansette utval- val av medlemmer*
- *overdraging av tariffmynde og mynde til vertskommune*
- *andre vedtak kommunestyret sjølv skal gjere i samsvar med lov*
- *val av revisor*
- *val av kontrollutval*
- *tilsetjing av rådmann og bestemming av åremålstilsetjing av leiande administrative stillingar*

4.1.2.2 Forvaltningslova

Kommunestyret gjer sjølv vedtak i saker i samsvar med Forvaltningslova, som gjeld vedtak om klagenemnd, og val av medlemmer til denne nemnda

4.1.2.3 Skattelova

Kommunestyret gjer sjølv vedtak i saker i samsvar med Skattelova, som gjeld vedtak om skattesatsar for formue og inntekt.

4.1.2.4 Særlov

4.1.2.4.1 Plan- og bygningslova

Kommunestyret gjer sjølv vedtak etter ein kvar tid gjeldande lovverk

- Kommunal planstrategi
- Oppstart av arbeid med kommuneplanen
- Utarbeiding av planprogram – kommuneplan
- Høyring av planforslag kommuneplan
- Vedtak av kommuneplan

- Vedtak av reguleringsplan
- Ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan
- Vedtak om gebyr

Kommunestyret sett ned kommuneplanutval.

- Kommuneplannemnda gis ansvar for praktisk gjennomføring av arbeid med kommuneplanens samfunnsdel og arealdel i medhald av føresegner i plandelen av plan- og bygningsloven.
- Kommuneplannemnda innstiller til kommunestyret i saker som gjeld Kommuneplanen sin samfunns- og arealdel og som ikkje er delegert til andre.
- Delegeringsfullmakta vert avgrensa til saker som ikkje er av overordna og/eller prinsipiell art eller der avgjerslesmynde er lagt til andre i medhald av lov, forskrift eller vedtak om delegering.

4.1.2.4.2 Alkoholova

Vedta alkoholpolitiske retningslinjer. Behandle alle sals- og skjenkeløyve fyrste året av ny kommunestyreperiode

4.1.2.4.3 Friluftslav

Eventuell oppretting av friluftsnemnd.

4.1.2.4.4 Lov om motorferdsel

Eventuell kommunal forskrift.

4.1.2.4.5 Lov om ordninga i den norske kyrkja

Val av kommunalt medlem til sokneråd/fellesråd.

4.1.2.4.6 Veglova

Vedtak om bygging, opptak eller nedlegging av kommunal veg

4.1.2.4.7 Lov om eigedomsskatt

Vedtak om utskrivning av eigedomsskatt i kommunen.

4.1.2.4.8 Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter

Vedta forskrift om storleiken på avgiftene, samt regler om gjennomføring av avgiftsvedtaket og innkrevjing av avgifta.

4.1.2.4.9 Forureiningslova

Fastlegging av kommunalt gebyr for innsamling, mottak, oppbevaring og behandling av avfal.

4.1.2.4.10 Brannvernlova

Fastlegging av feieavgift.

4.1.2.4.11 Matrikkellova

Fastlegging av gebyr for kart- og delingsforretning og for anna arbeid etter Matrikkellova.

4.1.2.4.12 Stadnavnlova

Fastsetjing av stadnamn og skrivemåte.

4.1.2.4.13 Anna

Øvrige lovfesta oppgåver i tråd med til ei kvar tid gjeldande lovgjeving, og som ikkje bli dekkja av øvrige punkter.

4.1.2.5 Ikkje lovfesta saker

Ikkje lovfesta saker, men som ut frå det prinsipielle innhaldet i saka og/ eller storleik/ omfang skal handsamast av kommunestyret.

- Vedtak om nye tiltak, eller vesentleg utviding av igangsette/eldre tiltak. Gjeld både drifts- og kapitalbudsjettet.
- Vedtak av prinsipiell art om kjøp, sal, makeskifte eller pantsetjing av fast eigedom
- Vedta langsiktige avtaler av prinsipiell art
- Vedta den politiske organisasjonsstruktur
- Vedta kommunestyret sin forretningsorden

- Behandle saker som ordføreren eller eit fleirtal av kommunestyret sine medlemmer sjølv bestemmer
- Kommunestyret gir ordførar sommarfullmakt

4.1.2.6 Saker vedrørende arbeidsgjevarfunksjonen

Kommunestyret skal vedta:

- Personalpolitiske mål og retningslinjer
- Handlingsplan for arbeidsmiljøtiltak
- Total stillingsramme for kommunen.

4.1.2.7 Anna

Kommunestyret skal vedta normalreglement for kommunen sitt beredskapsarbeid vedrørende organisering, ansvarsfordeling og mynde for dette arbeidet i kommunen.

4.1.3 Forretningsorden

Dei alminnelege bestemmingar i Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. sept. 1992 nr. 107 gjeld for kommunestyret sin saksbehandling.

Rådmannen har møte-, tale- og forslagsrett i kommunestyret.

Kommunelovens kap. 6 (saksbehandlingsreglar i folkevalde organ) regulerer elles formene for kommunestyrets verksemd. Det kan utarbeidast eigne reglement/-retningslinjer for kommunestyret sin saksbehandling.

4.2 FORMANNSKAPET

4.2.1 Val og samansetning

Formannskapet blir valt av kommunestyret sjølv i medhald av kommunelovens § 8. Formannskapet består av 5 medlemmer. Kommunelova sine alminnelege reglar gjeld formannskapet si oppnemning, funksjon og forretningsorden. Formannskapet kan sjølv i eige møtereglement fastsetje nærare reglar for eiga verksemd.

4.2.2 Ansvarsområde

Formannskapet utfører pålagde gjeremål, og tek avgjerd i saker som lov eller kommunestyret bestemmer.

Formannskapet har igangsettingsvedtak på investeringar i tråd med vedteke økonomireglement.

Formannskapet har primært arbeidsområde der oppgåver går fram av kommunelova. Formannskapet skal:

- ivareta regionale samarbeidssaker
- ivareta dei oppgåver som utgjer kommunens næringsretta verksemd og tenester

Formannskapet leggje fram innstilling til Kommunestyret i saker som krev vedtak der. Unnateke er saker som kontrollutvalet legg fram til kommunestyret, som merknader av kommunale regnskarar og periodiske skatterekneskap.

Formannskapet er kommunen sitt næringsutval og gjer vedtak etter vedtekter for nærings- og kraftfond.

4.2.2.1 Kommunelova

4.2.2.1.1 Innstillingar i samsvar med kommunelova

Innstillingar i samsvar med Kommuneloven, som gjeld:

- forslag til årsbudsjett og økonomiplan
- forslag til skattevedtak

Det er utarbeidd eige økonomireglement. Formannskapet har budsjettmynde i driftsbudsjettet i det omfang gjeldande budsjettvedtak, økonomireglement og sentrale forskrifter gir høve til.

4.2.2.1.2 Delegert mynde

Formannskapet har delegert utvida mynde til å gjere vedtak i hastesaker, jf Kommuneloven

4.2.2.2 Forvaltningslov

Formannskapet er særskilt klagenemnd etter forvaltningslovens § 28 andre ledd for enkeltvedtak gjort av forvaltningsorgan (fast utval, ordførar eller rådmannen) oppretta i medhald av kommuneloven.

4.2.2.3 Delegert mynde etter særlov

4.2.2.3.1 Vallova

Formannskapet veljar valnemnd i samsvar med Vallova og har delegert mynde til å oppnemne stemmestyre.

4.2.2.4 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

Formannskapet avgjer saker etter §5a (leigekøyning) og §6 i nasjonal forskrift til lova.

4.2.2.4.1 Alkohollova

Formannskapet gjer vedtak om enkeltløyve for tildeling av nye løyve resten av perioden, med melding til kommunestyret, etter innstilling frå Hovudutval for Livsløp, jf alkohollova og alkoholpolitiske retningsliner. Må sjåast i samanheng med pkt. 4.1.2.4.2.

4.2.2.5 Sakar vedkommande arbeidsgjevarfunksjon

Formannskapet innstillar ved tilsetjing av rådmann samt fastsetjar lønns- og arbeidsvilkår for rådmann

4.2.3 Forretningsorden

Dei alminnelege bestemmingar i Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. sept. 1992 nr. 107 gjeld for formannskapetets saksbehandling. Rådmannen har møte-, tale- og forslagsrett i formannskapet, og er sekretær i møta. Kap 6 i Kommuneleova (saksbehandlingsreglar i folkevalde organ) regulerer elles formene for formannskapet si verksemd.

Ordførar kan kalle inn andre det er ønskjeleg å rådføre seg med. Det kan utarbeidast eigne reglement/retningsliner for kommunestyret si saksbehandling.

4.3 HOVUDUTVAL FOR PLAN OG RESSURS

4.3.1 Val og samansetning

Hovudutval for plan og ressurs består av 7 medlemmer med vara medlemmar. Oppnemning av kommunestyret sine representantar skjer i samsvar med §10 i Kommuneleva.

4.3.2 Ansvarsområde

Hovudutval for Plan og ressurs har generelt som arbeidsområde å vere fagutval for Teknisk etat.

I medhald av § 10 i Kommuneleva gir kommunestyret hovudutvalet mynde til å gjere vedtak i saker som gjeld ansvarsområde til utvalet og som det etter same lov er høve til å delegere til utval.

Utvalet skal hjelpe kommunestyret med å gjere heilskaplege politiske vurderingar innanfor sine politiske område.

Utvalet skal medverke til samarbeid og samordning på eit overordna nivå med andre berørte kommunale etatar/verksemder. Utvalet kan ikkje fastsetje reglar og generelle retningslinjer som kan få verknad for fleire etatar i kommunen, eller avgjere saker som krev samordna behandling for fleire etatar.

Utvalet er tillagt ansvar for at miljøomsyn, beredskapsarbeid og førebyggjande helsearbeid blir vektlagd i alt arbeid.

Utvalet er ansvarleg for at det vert søkt om offentlege tilskot og refusjonar som det er opna vilkår for til oppgåver innan utvalet sitt kompetanseområde.

Utvalet kan bli pålagt andre oppgåver. Utvalet kan delegere avgjerdsretten vidare til rådmannen, jfr. KL. § 23. pkt.4.

Utvalet gjer vedtak innanfor dei rammer og etter dei retningslinjer som er fastsett i lov, i medhald av lov eller vedteke av kommunestyret.

Utvalet kan oppnemne medlemmer til arbeidsutval for løysing av tidsavgrensa arbeidsoppgåver.

Utvalet skal prioritere arbeidet innanfor sitt ansvarsområde og innanfor ramma av planer vedtekne av formannskap/kommunestyre.

Utvalet fungerer som miljøvernutval.

4.3.3 Delegert mynde etter særlov

Utvalet får mynde til å fatte avgjersler i saker av prinsipiell karakter i saker der kommunen har slik rett etter særlov og aktuelle forskrifter knytt til desse lovane.

4.3.3.1 Plan og bygningslova

- A. Plandelen i plan- og bygningslov gjeldane frå 1.7.2009.
- B. Plan og Bygningslova av 1985
- C. Byggesaksdelen

Hovedutval Plan og ressurs;

- Utvalet vert gjeve ansvar for praktisk gjennomføring av arbeid med reguleringsplanar (områderegulering/detaljregulering) i medhald av føresegner i plandelen av plan- og bygningsloven
- Utvalet innstiller til kommunestyret i reguleringsplansaker.
- Utvalet vert gjeve fullmakt til å avgjere og uttale seg på kommunen sine vegne i alle saker innan funksjonsområde reguleringsplan etter loven

- Delegeringsfullmakta vert avgrensa til saker som ikkje er av overordna og/eller prinsipiell art eller der mynde for avgjerla er lagt til andre i medhald av lov, forskrift eller etter vedtak om delegering.
- Utvalet kan vedta mindre reguleringsplan i samsvar med regler i kommunelova når planen er i samsvar med rammer i kommuneplanen sin arealdel, og det er mindre enn 4 år sidan planen vart vedteke av kommunestyret.

4.3.3.2 Veglova

Utvalet skal vere kommunen si vegstyremakt etter lovens § 9, 4.ledd.

4.3.3.3 Forureiningslova

Med heimel i forureiningslova § 83 samt kommunelova si § 23 nr. 4 vert kommunestyret si mynde etter § 52, 52a, 78, 79 og kommunestyret si mynde til behandling av klage over enkeltvedtak i medhald av §§ 7, 11, 12, 16, 18, 22, 23, 26- 5 ledd, 35, 37, 48, 49, 50, 51, 73, 74 - 1,2, og 3 ledd, 75, 76 og 86 i medhald av forskrift av 01.06.04 nr 931 delegert til utvalet.

4.3.3.4 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag

Formannskapet avgjer saker etter §5a (leigekøyring) og §6 i nasjonal forskrift til lova.

4.3.3.5 Vegtrafikklova

Med heimel i §4 i vegtrafikkloven og "skiltforskrifter" vert Plan og ressurs skiltmynde i den grad loven gjev løyve til dette.

4.3.3.6 Mynde etter brann og eksplosjonslova §§ 39 og 40

4.3.3.7 Lov om eigarseksjonar

4.3.3.8 Matrikkellova

4.3.3.9 Vegtrafikklova

4.3.3.10 Lov om forvaltning av naturens mangfold

4.3.3.11 Friluftsløva

4.3.3.12 Samferdselslova

- 4.3.3.13 Dyrevernlova**
- 4.3.3.14 Nabolova**
- 4.3.3.15 Konesjonslova**
- 4.3.3.16 Jordlova**
- 4.3.3.17 Skoglova**
- 4.3.3.18 Lov om forpakting**
- 4.3.3.19 Bufelova**
- 4.3.3.20 Lov om Floghavre**

4.3.4 Delegering etter forskrift

Utvalet har etter forskrift delegert myndigheit

- Myndigheit etter "Forskrift om gjødselvarer mv av organisk opphav".
- Myndigheit etter "Forskrift om anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt" - fastsett i medhald av forureiningsloven §§ 9, 11 og 81."

4.3.5 Saker der utvalet har uttale/ innstillingsrett

I saker innanfor utvala sine ansvarsområde som ikkje er av budsjettmessig art, og der vedtaksmynde ligg til kommunestyret, får utvalet direkte innstillingsrett ovanfor kommunestyret.

Utvalet har elles uttalerett:

- Til budsjett, økonomiplanarbeid, og handlingsplanar
- Etablering av lokale og regionale samarbeidstiltak
- Kommune(del)planer som angår ansvarsområde
- Saker innanfor ansvarsområdet der vedtaksmynde ligg utanfor kommunen eller til anna kommunalt organ.

Hovudutvalet innstiller til kommunestyret i følgjande saker:

- Planar for og iverksetjing av nye tiltak eller vesentleg utviding av eksisterande.
- Tiltak som påfører kommunen økonomiske forpliktelsar utover budsjettperioden.
- Disposisjonar som kan sjåast på som ekstraordinære eller som går ut over vanleg standard.
- Framlegg til betalingssatsar innanfor sitt ansvarsområde.
- Skiping av evt. faste underutval.

4.3.6 Andre saker

Saker som rådmannen fremjar i medhald av prinsippet om fullført saksbehandling. Utvalet gir utvalsleiar sommarfullmakt. Utvalsleiar får fullmakt til å avgjere saker som treng rask handsaming i perioden med sommarfri for politiske møter. Fullmakta gjeld ikkje saker av prinsipiell karakter, eller saker med store økonomiske konsekvensar. Saker som vert avgjort etter sommarfullmakt skal leggast fram som melding for utvalet på første møte etter ferien.

4.3.7 Forretningsorden

Dei alminnelege bestemmingar i Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. sept. 1992 nr. 107 gjeld for utvalets saksbehandling. Rådmannen har møte-, tale- og forslagsrett i utvalet, og er sekretær i møta.

Kommunelovens kap. 6 (saksbehandlingsreglar i folkevalde organ) regulerer elles formene for utvalets verksemd. Utvalsleiar kan kalle inn andre det er ønskjeleg å rådføre seg med. Det kan utarbeidast eigne reglement/retningslinjer for kommunetyrets saksbehandling.

4.4 HOVUDUTVAL FOR LIVSLØP

4.4.1 Val og samansetting

Hovudutval for Livsløp består av 7 medlemmar med varamedlemmar. Oppnemning av kommunestyrets representantar skjer i samsvar med kommunelovens § 10.

4.4.2 Ansvarsområde

Hovudutval for Livsløp har generelt som arbeidsområde å vere fagutval for etatane Kultur- og oppvekst, Helse og omsorg og den kommunale ansvarsområda innan NAV. I medhald av kommunelovas § 10 gir kommunestyret hovudutvalet mynde til å gjere vedtak i saker som gjeld ansvarsområde til utvalet og som det etter same lov er høve til å delegere til utval

Utvalet skal hjelpe kommunestyret med å gjere heilskaplege politiske vurderingar innanfor sine politiske område.

Utvalet skal medverke til samarbeid og samordning på eit overordna nivå med andre berørte kommunale etatar/verksemder. Utvalet kan ikkje fastsetje reglar og generelle retningslinjer som kan få verknad for fleire etatar i kommunen, eller avgjere saker som krev samordna behandling for fleire etatar.

Utvalet er tillagt ansvar for at miljøomsyn, beredskapsarbeid og førebyggjande helsearbeid blir vektlagd.

Utvalet kan bli pålagd andre oppgåver.

Utvalet kan delegere avgjerdsretten vidare til rådmannen, jfr. KL. § 23. pkt.4
Utvalet gjer vedtak innanfor dei rammer og etter dei retningslinjer som er fastsett i lover, i medhald av lov eller vedteke av kommunestyret.

Utvalet kan oppnemne medlemmer til arbeidsutval for løysing av tidsavgrensa arbeidsoppgåver.

Utvalet skal prioritere arbeidet innanfor sitt ansvarsområde og innanfor ramma av planer vedtekne av formannskap/kommunestyre.

4.4.3 Delegering etter særlov

Saker av prinsipiell karakter knytt til kommunens myndigheit innanfor følgjande lover med tilhørande forskrifter vert delegert til hovudutval for kultur og oppvekst.

4.4.3.1 Opplæringslova med forskrift

4.4.3.2 Lov om vaksenopplæring

4.4.3.3 Lov om barnehage

4.4.3.4 Lov om nærkringkasting med forskrifter

Kommunestyret sin ansvars/uttalerett i medhald av lov.

4.4.3.5 Lov om folkebibliotek

Fastsette utlånsreglement, jfr. § 4.

- 4.4.3.6 Lov om vern mot tobakkskader**
- 4.4.3.7 Lov om kommunehelsetjeneste**
- 4.4.3.8 Lov om statlig tilsyn med helsetjenesten**
- 4.4.3.9 Lov om sosiale tjenester**
- 4.4.3.10 Lov om vern mot smittsomme sykdommer**
- 4.4.3.11 Lov om medisinsk utstyr**
- 4.4.3.12 Lov om psykisk helsevern**
- 4.4.3.13 Lov om pasientrettigheter**
- 4.4.3.14 Lov om helsepersonal**
- 4.4.3.15 Lov om helsemessig og sosial beredskap**
- 4.4.3.16 Helseregisterloven**
- 4.4.3.17 Pasientskadeloven**
- 4.4.3.18 Lov om alternativ behandling av sykdom**
- 4.4.3.19 Strålevernloven**
- 4.4.3.20 Lov om forbud mot kjønnslemlestelser**
- 4.4.3.21 Barnelova**
- 4.4.3.22 Steriliseringslova**
- 4.4.3.23 Abortloven**

4.4.4 Saker der utvalet har avgjerslemynde

- Kulturmidlane vert delt ut av hovudutvalet på grunnlag av søknader frå lag, organisasjonar eller einskildpersonar innanfor rammene av økonomiplan og etter retningslinene
- Hovudutvalet tildeler midlane i Hemsedal kommune sitt legat

4.4.5 Saker der utvalet har uttalerett

I saker innanfor utvala sine ansvarsområde som ikkje er av budsjettmessig art, og der vedtaksmynde ligg til kommunestyret, får utvalet direkte innstillingsrett ovanfor kommunestyret.

Utvalet har elles uttalerett:

- Til budsjett, økonomiplanarbeid, og handlingsplanar.
- Etablering av lokale og regionale samarbeidstiltak
- Kommune(del)planer som angår ansvarsområde
- Saker innanfor ansvarsområdet der vedtaksmynde ligg utanfor kommunen eller til anna kommunalt organ.

Hovudutvalet innstiller til kommunestyret i følgjande saker:

- Planar for og iverksetjing av nye tiltak eller vesentleg utviding av eksisterande.
- Tiltak som påfører kommunen økonomiske forpliktelsar utover budsjettperioden.
- Disposisjonar som kan sjåast på som ekstraordinære eller som går ut over vanleg standard.
- Framlegg til betalingsssatsar innanfor sitt ansvarsområde.
- Skipping av evt. faste underutval.

4.4.6 Utvalet skal elles behandle

Saker som rådmannen fremjar i medhald av prinsippet om fullført saksbehandling. Utvalet gir utvalsleiar sommarfullmakt. Utvalsleiar får fullmakt til å avgjere saker som treng rask handsaming i perioden med sommarfri for politiske møter. Fullmakta gjeld ikkje saker av prinsipiell karakter, eller saker med store økonomiske konsekvensar. Saker som vert avgjort etter sommarfullmakt skal leggjast fram som melding for utvalet på første møte etter ferien.

4.4.7 Forretningsorden

Dei alminnelege bestemmingar i Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. sept. 1992 nr. 107 gjeld for utvalets saksbehandling.

Rådmannen har møte-, tale- og forslagsrett i utvalet, og er sekretær i møta.

Kommunelovens kap. 6 (saksbehandlingsreglar i folkevalde organ) regulerer elles formene for utvalet sin verksemd.

Utvalsleiar kan kalle inn andre det er ønskjeleg å rådføre seg med. Det kan utarbeidast eigne reglement/retningsliner for kommunetyrets saksbehandling.

4.5 ANDRE UTVAL, STYRE OG FUNKSJONAR

4.5.1 Arbeidsmiljøutval

Utvalet skal vere samansett av arbeidstakar og arbeidsgjevar i tråd med Arbeidsmiljølova

4.5.2 Klagenemnda

Handsaming av klage over forvaltningsvedtak følgjer reglane i forvaltningslova, dersom anna ikkje er bestemt i den einskilde særlov. For klager på avgjerder som er fatta i medhald av kommunelova, er Klagenemnda klageorgan når det gjeld vedtak fatta i utvala, ordføraren, eller av rådmannen. Kommunestyret er klageorgan på vedtak fatta i formannskapet.

Klagenemnda skal bestå av 3 nøytrale medlemmer som ikkje har andre politiske verv eller er valt inn i utval/organ som kan komme i konflikt med klaga.

4.5.3 Klientutval

Hemsedal kommune har klientutval jf Lov om sosiale tenester §8-5a, lov om sosiale tjenester i arbeidss og velferdsordningen § 46 og Lov om barnevernstenester § 2-1.

Utvalet har ikkje beslutningsmynde i høve til enkeltsaker etter Lov om sosiale tenester og Lov om barnevernstenester.

Klientutvalet skal vere orientert om stoda i barnevernstenesta og NAV. I den grad det er behov for å drøfte enkeltsaker skal desse i hovudsak anonymiserast, men i klientutvalet kan ein ha høve til å ta opp saker som er namngjevne dersom dette skulle vera nødvendig. Ei slik vurdering er det sakshandbehandlar som gjer.

Utvalet vert klageorgan for handsaming av klage på administrative vedtak som vert gjort

Klientutvalet er kommunen sitt klageorgan for avgjersler fatta etter §§ 2-1, 2-1a i LOV-1982-11-19-66: Lov om helsetjenesten i kommunene (khl).

4.5.4 Vilt- og innlandsfiskeremnda

4.5.4.1 Lakse- og innlandsfiskelova

Utvalet har ansvar for lov av 15. mai 1992 nr. 47 med tilhørande forskrifter.

4.5.4.2 Viltlova

Utvalet har ansvar for lov av 29. mai 1981 nr. 38 om viltet herunder ansvar for kommunale oppgaver og myndighet i henhold til viltloven med forskrifter.

4.5.4.3 Lov om Hundehald (Hundelova)

Utvalet har ansvar for å følgje opp kommunen sine oppgaver i høve til hundelova

4.5.5 Særskilt ordning for barn og unge interesser i plansaker

I medhald av den til ein kvar tid gjeldande Plan og Bygningslova skal det etablerast ei særskilt ordning for å ivareta interessene til barn og unge i planlegginga.

5. DELEGASJON TIL ORDFØRAR

5.1 Alkoholloven av 2. juni 1989 nr. 27

I dei saker der rådmann er inhabil gis ordføreren myndighet til å tildele bevilling, utvide skjenketida og utvide skjenkelokalet for eit einskild tilhøve og tildele ambulerende bevilling i samsvar med alkohollovens bestemmelser.

5.2 Andre saker

- Fullmakt til å treffe vedtak i kurante saker etter kommuneloven § 9, pkt. 5.
- Fullmakt i samsvar med vedtatt plan for kommunal kriseleiing.
- Ordførar representerer Hemsedal kommune i generalforsamling/ representantskap i alle aksjeselskap/ IKS – interkommunale selskap der Hemsedal kommune er eigar dersom ikkje anna er vedteke i vedtekter for det einskilde selskap.
- Ved fleire søkjarar til same tomt skjer tildeling etter trekning
- Ordførar har sommarfullmakt. Ordførar får fullmakt til å avgjere saker som treng rask handsaming i perioden med sommarfri for politiske styre, råd og utval. Fullmakta gjeld ikkje saker av prinsipiell karakter, eller saker med store økonomiske konsekvensar. Saker som vert avgjort etter sommarfullmakt skal leggjast fram som melding for kommunestyret på første møte etter ferien.

6. DELEGASJON TIL RÅDMANN

6.1 Delegering etter kommunelova

Med heimel i § 23.4 og § 24.1 i kommunelova gjer kommunestyret rådmann fullmakt til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

6.1.1 Personalsaker

- Rådmannen kan ta avgjersle i alle saker som ikkje er av prinsipiell betydning. Rådmannen sjølv avgjør om myndigheit skal vidaredelegerast internt. Det vert vist til nærmare føresegner i dette reglement vedr. framgangsmåte for å avgjøre om ein sak er av prinsipiell art, jf. pkt. 3.15. Ein sak er ikkje prinsipiell når det ligg føre eit vedtak frå politisk organ, retningslinjer for korleis saka skal behandlast, eller har praksis frå behandling av tilsvarande saker.
- Rådmann har myndigheit til å opprette, endre og legge ned stillingar innanfor vedtatt budsjett/økonomiplan
- Rådmannen har delegert tilsettingsmyndigheit, herunder å fastsette lønns- og arbeidsvilkår for alle stillingar i kommunen. (Unntatt er tilsetting og fasetting av lønns- og arbeidsvilkår for rådmann)
- Permisjonar for tilsette med heimel i lokalt permisjonsretningslinjer, Hovudtariffavtalen, Hovudavtala og Arbeidsmiljøloven er delegert til rådmannen.
- Rådmannen har myndigheit til å gjennomføre lokale drøftingar og forhandlingar med heimel i Hovudavtala, Hovudtariffavtala, Arbeidsmiljølova og andre særavtalar.
- Rådmannen har myndigheit i suspensjons-, oppseiings-/avskjedssaker.
- Rådmannen har myndigheit til å godkjenne A-rundskriv frå Kommunenes Sentralforbund. Rådmannen fastsett retningslinjer for bilbruk, telefon og anna godtgjersle som vedkjem personalet.
- Rådmannen har myndigheit til å peike ut arbeidsgjevars representant til Arbeidsmiljøutvalget.

6.1.2 Saker vedkommande økonomi

- Utgiftsføring av forelda og uerholdelige fordringar i kommuneregnskapet.
- Fråfalle kommunal pant for lån i mindre parseller, samt fråfalle prioritet, når dette ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen.
- Godkjenne godtgjøring og erstatning for tapt arbeidsfortjeneste for kommunale tenestemenn, så langt slik myndigheit ikkje er lagt til andre.
- Søknad om statstilskot frå politiske parti
- Tilbod om annonser frå tidsskrifter, blad.
- Søknader om sal, salsmesser o.l.
- Godkjenne avtaler om felles innkjøpsordning.
- Tildeling av startlån i samsvar med vedteke retningslinjer.
- Prioritetsvikelse i forbindelse med etableringslån.

6.1.3 Andre saker

6.1.3.1 Saker knytt til teknisk etat

- Utlysning og tildele bustadtomter
- Forlenge byggefrist på bustadtomter.
- Myndigheit til å bestemme kva for eigedommar som skal ha sekkerrenovasjon og Kva for eigedommar som skal ha containerrenovasjon jfr. forskrifter om kommunal renovasjonsordning.
- Tilknytning til offentlig vatn- og kloakkanlegg i medhald av forskrift.
- Fritak for installasjon av vassmålar og fastsette stipulert forbruk. Jfr. § 11.1 i forskrifter for vatn - og kloakkavgifter.
- Lyse ut og anta anbod (byggebudsjett, tenester) og kjøp av varer innanfor ramma i vedtatt budsjett.
- Gje helt eller delvis fritak frå gebyr for feiing, vann, avløp, slam og renovasjon for eigedom i medhald av lokale retningslinjer og forskrifter
- Gje uttale til søknadar om støtte frå Bygdeutviklingsfondet og Innovasjon Norge

- Låneformidling frå Innovasjon Norge
- Forvaltning av tiltak gjennom jordbruksavtalen
- Diverse direkte tilskot til den einskilde landbrukar
- Investeringsstilskot og -lån i landbruket (tilskot til skogsveggar, tekniske miljøtiltak m.v.)
- Statistikk for fylke og stat
- Forvaltning av tilskotsordninga "Tilskot til ymse jord- og skogbruksføremål" og forvaltning av "Fond for Heimsila og Åbjørafonda" i tråd med egne retningslinjer
- Myndigheit til å avgjøre kven som skal gje uttale i høyringssaker.
- Rådmann eller den han gir fullmakt, møter på vegne av kommunen ved kart og delingsforretningar og i naboforhold der kommunen er part.

6.1.3.2 Saker knytt til;

- Begjære utkastning av leigebuarar i kommunale leiligheter/hus, når det ikkje Vert betalt husleige. Begjæring vert framsett i samråd med aktuell etatsleiar.
- Godkjenne utleige/utlån av kommunale møterom/lokaler.
- Godkjenne utleige av kommunale lokaler/ bustader som er bestemt disponert til utleige.
- Godkjenne eksterne leigeavtaler.
- Godkjenne kassasjon av materiell, inventar og utstyr.
- Friplass i barnehager etter kommunale regler.
- Friplass i barnehager etter kommunale regler.
- Innvilge støttekontakt.
- Friplass i barnehager etter kommunale regler.
- Tildele trygghetsalarmer.
-
- Bruk av gavemidler ved alders- og sykehjemmene i hht egne retningslinjer.
- Disponering av kontantytelser fra folketrygden for pasient.
-
- Tilskudd til kulturformål i samsvar med vedtatte regler.

6.1.4 Delegering etter lov

6.1.4.1 Forvaltningsloven:

Myndigheit til å innvilge forlenga klagefrist i medhold av § 29 for saker som vert behandla etter plan- og bygningsloven. Myndigheit til å vedta oppsettande verknad i medhald av § 42.

6.1.4.2 Straffeloven av 22. mai 1902 nr. 10. Lov av 26. februar 1988, - § 79

Kommunestyrets myndigheit, etter § 79, 5. ledd, til å begjære offentlig påtale for straffbare handlingar som er begått overfor kommunen.

6.1.4.3 Lov av 2. juni 1989 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.

Myndigheit til å godkjenne at ein eller fleire bestemte skjenkeløyve vert utøvd på ein stad eller stadar som vert godkjent for eit enkelt høve og for skjenking av deltakarar slutta selskap. Ambulerande løyve § 4-5. Myndigheit til å utvide skjenketida for ein enkelt anledning innanfor dei rammer som er gitt i lokal forskrift til § 4-4. Myndigheit til å tildele løyve og utvide skjenkelokalar for eit enkelt høve. Myndigheit til å godkjenne styrar og stadfortreder. Myndigheit til å fastsette bevillingsgebyr i samsvar med forskriftene, jfr. § 6-2.

6.1.4.4 Lov av 13.juni 1997 om serveringsverksemd (Serveringsloven)

Kommunens myndigheit etter serveringsloven.

6.2 Saker av ikkje prinsipiell karakter knytt til lov med forskrifter

Saker av ikkje prinsipiell karakter knytt til kommunen si myndigheit innanfor følgjande lover med tilhøyrande forskrifter vert delegert til rådmann:

- **Barnehageloven**
- **Lov om forvaltning av naturens mangfold**
- **Lov om vern mot tobakkskader.**
- **Lov om kommunehelsetjeneste.** Dersom det er tidsnød kan rådmann (kommuneoverlegen) likevel utøve hovedutvalget sin fulle myndighet, med unntak av § 4a-11, tredje ledd i Lov om kommunehelsetjeneste. § 39 i lov om helsepersonell.
- **Lov om statlig tilsyn med helsetjenesten.**
- **Lov om sosiale tjenester.**
- **Lov om vern mot smittsomme sykdommer.** Dersom det er tidsnød kan rådmann (kommuneoverlegen) likevel utøve hovudutvalet si fulle myndigheit, med unntak av § 4a-11, tredje ledd i Lov om kommunehelseteeneste. § 39 i lov om helsepersonell.
- **Lov om medisinsk utstyr.**
- **Lov om psykisk helsevern.**
- **Lov om pasientrettigheter.**
- **Lov om helsepersonell.**
- **Lov om helsemessig og sosial beredskap.**
- **Helseregisterloven.**
- **Lov om alternativ behandling av sykdom.**
- **Strålevernloven.**
- **Lov om forbud mot kjønnslemlestelser**
- **Barnelova.**
- **Steriliseringslova.**
- **Abortloven.**
- **Opplæringsloven**
- **Lov om vaksenopplæring.**
- **Lov om film og videogram.**
- **Lov om folkebibliotek.**
- **Vegloven.**
- **Vegtrafikklova**
- **Forureiningslova**
- **Plan- og bygningsloven. (Byggesaksdelen)**
- **Plandelen i ny plan- og bygningslov gjeldene frå 1.7.2009**
 - Rådmannen gis fullmakt til å godkjenne bagatellmessig endring av detaljplan når endringa er i tråd med rammer og retningslinjer gitt i overordna plan, jf. § 12-14, 2. ledd
 - Avhalde oppstartsmøte med private forslagsstillare til områderegulering og detaljregulering, jf. § 12-8.
 - Rådmannen gis fullmakt til utlegging av reguleringsplan til offentlig ettersyn når planen er i samsvar med overordna plan og godkjent planprogram.
- **Barn og unges interesser.** Barn og unges interesser i planarbeid vert ivareteke ved vidareføring av dagens ordning etter gjeldande lov.
- **Matrikkellova**
- **Lov om eigarseksjonering**
- **Lov om brann- og eksplosjonsvern.** Kommunen i myndigheit med unntak av §§ 39 og 40.
- **Lov av om kulturminnevern.**
- **Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.** Mynde til å avgjere kurante saker etter §§ 5b,c og e i nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og islagte vassdrag, og §6 i lova
- **Lov om laksefiske og innlandsfisk m.v.**
- **Konsesjonslova**
- **Jordlova**
- **Odelslova**
- **Skogbrukslova**
- **Plantevernmiddeellova**
- **Lov om forpakting**

- **Bufelov.**
- **Lov om floghavre.**
- **Viltlova**
- **Friluftsløva**
- **Lov om hundehald (hundeloven).**

7. DELEGASJON TIL FAGSTILLINGAR OG INTERKOMMUNALE SAMARBEIDSORGAN

7.1 Delegasjon til fagstillingar

I visse høve skal delegasjon av mynde bli gitt direkte til administrative fagstillingar i staden for rådmannen.

Dette gjeld for saker delegert frå kommunestyret til:

- Brannsjefen,
- Barnevernsleiaren jf barnevernloven § 2
- Kommunelege, jf lov om helsetjenester i kommunen

7.2 Delegasjon til interkommunale samarbeidsorgan jf kommuneloven kap V

7.2.1 Miljøretta Helsevern i Hallingdal

Hemsedal kommunestyre delegerer mynde og gjeremål innan miljøretta helsevern, herunder tilsynsoppgåver etter § 4a-2 i Lov om kommunehelseteneste, til det interkommunale organet Miljøretta helsevern i Hallingdal. Delegasjonen omfattar også kommunen si uttale og sakshandsaming etter forskrifter som er heimla i kap 4a i Lov om kommunehelseteneste.

Delegasjonen er avgrensa til saker av ikkje-prinsipiell karakter og der vedtak ikkje kan føre til større økonomiske konsekvensar for involverte partar. Det er ein føresetnad at faglege vurderingar er i teke i forståing med kommuneoverlegen, som har instruksjonsmynde innan det medisinskfaglege for utgreiingsarbeid og sakshandsaming som vert utført for Hemsedal kommune.

Saker av prinsipiell karakter og saker som kan medføre større økonomiske konsekvensar for involverte partar, skal sakshandsamast og leggjast fram for Hovudutval for livsløp til avgjerd.

Klager over vedtak heimla i kap. 4a i Lov om kommunehelseteneste og gjort av det interkommunale organet Miljøretta helsevern i Hallingdal eller kommuneoverlegen, skal handsamast av Hovudutval for livsløp. Når sektorutvalet opprettheld vedtaket, skal klagesaka oversendast Fylkesmannen som rette klageinstans, dette etter § 4a-12 i Lov om kommunehelseteneste.

7.2 HALLINGDAL BARNEVERN.

Lov om barnevernstjenester.

Det daglige løypande barnevernsarbeidet blir delegert til Hallingdal barnevern så langt lov og inngått avtale tilseier.

8. IKS og ANDRE BEDRIFTER OG ORGAN SOM KOMMUNEN HAR EIGENSKAP I

Hallingdal Innkrevingskontor -IKS

Skatteoppkrevjar får mynde til å fråfalle renter og omkostningar i høve til skattesaker innanfor de beløpsgrenser som fastsettes av Finansdepartementet.

I samsvar til instruks for anmeldelse til påtalemyndigheten av overtredelser på skattebetalingsområdet (trekkanmeldelse) fastsatt av Finansdep. 09.05.97, gis skatteoppkrevjaren fullmakt til å inngi påtalebegjæring på vegne av kommunen, jf. § 5, pkt. 2.

9. VEDLEGG

- Økonomireglementet for Hemsedal kommune, vedteke 28.06.07

